

KNARVIK AUST – GSV. MOT GJERVIK

Notat frå møte 03.12.08.

Tid/stad: Rådhuset kl. 13.30 – 15.00

Til stades:	Lindås kommune:	Lars Johan Haukås Arne Eikefet
	Statens Vegvesen:	Steinar Solberg
	Lindås Tomteselskap AS:	Bjarte Helle Ivar Thorsheim Magne Fanavoll
	Grunneigarar:	Birger og Ranveig Reigstad Rolf Reigstad Gunn Hosøy og Klaus Nyhammer Magnar Bleikli

Møtet var kome i stand for å orientera grunneigarane om planar for vidareføring av gang- og sykkelveg frå Knarvik Aust bustadfelt og mot Gjervik.

- Statens Vegvesen har utarbeidd plan for gang- og sykkelveg frå planområdet Knarvik Aust og til Gjervik.
Statens Vegvesen lagar vidare overslag for kostnader.
Statens Vegvesen sin plan syner 3 m gsv. og 3 m grøntareal mot E39.
- Lindås kommune vil ta på seg å skaffa grunn, forhandla med grunneigarane.
- Grunneigarane ynskjer ikkje 3 m grøntareal mellom E39 og gsv., dette for å redusera inngrep på eigedomane på første del av anlegget, til andre avkjørsle.
Rolf Reigstad minte om avtale om framføring av vatn og avlaup, samt vegrett for del av gnr. 188, bnr. 6.
- Det vert lagt VA-leidning i gang- og sykkelvegen som òg skal vera køyrbar fram til dei to avkjørslene som skal stengjast.
- Statens Vegvesen vurderer snarleg om løysing med tosidig rekkverk kan akseptrast på del av strekninga i staden for 3 m grøntareal.
- Alle partar er einige om at intensjonen er å ha gsv. ferdig heilt til Gjervik innan 2 – 3 år.
- Lindås Tomteselskap AS avsluttar sine arbeid etter ny busslomme.

Knarvik 08.12.2008

Ivar Thorsheim

